



Mennene i den blå bilen

Etter en ide fra RPH-HØR.



Læremiddelavdelinga Vikhov skole, senter for hørselshemmede, 7560 Vikhamar.



Mennene i den blå bilen

"Kva heiter faren din?" spør Pelle.

"Han heiter Jan, og mora mi heiter Anna," svarer Ove.

"Sjå, der kjem Eva, systera di," seier Pelle.

"Ja, og ho har Pia med seg," seier Ove.

"Eva og Pia er kompisar, og du og eg er kompisar,"
seier Pelle.


"I morgon går vi og fiskar," seier Ove.

Det er morgonen etter. Ove opnar vindauga. Der ute på
gata står Pelle. Han har fiskestang med seg.

"Hei, Ove, skal vi dra og fiska?"

"Ja visst, eg kjem straks. Har du makk?"

"Ja, mykje, skund deg no."



Gutane går ned til elva. Sola skin. Det er varmt og fint.

Dei set på makk og byrjar å fiska.

To timar seinare:

"Det nappar dårleg," seier Pelle.

"Ja, du har jo ikkje fått noko," seier Ove.

"Du treng ikkje vera så kry fordi om du har fått ein liten fisk," seier Pelle.

"Eg er ikkje kry, eg er svolten."

"Eg har ikkje noko mat med meg," seier Pelle.


"Då skal du få eit par brødskiver av meg. Eg har mange," seier Ove.

"Har du noko å drikke?" spør Pelle.

"Ja, eg har saft. To flasker. Ei til deg og ei til meg," seier Ove.

"Takk, du er ein god kompis," seier Pelle.

Gutane et og drikk.



Ove gjespar. "No er eg søvnig," seier han.

"Eg og," seier Pelle.

Det er fint å liggja i graset og vera mett og søvnig.

Gutane sovnar.

Svar på spørsmåla.

Kva heiter kompisen til Ove?

Kvifor går Ove og Pelle ned til elva?

Kva gjer gutane når dei har ete?

Kven har fått fisk?

SET RING RUNDT RETT SVAR.

1. Kva heiter pappaen til Ove?

Jan

Pelle

Edvard

2. Korleis er veret når gutane fiskar?

Det regnar.

Det er varmt og fint.

Det er overskya.

3. Kor mange fiskar fekk gutane?

Ove fekk ein fisk

Både Pelle og Ove fekk ein fisk kvar

Pelle fekk tre fiskar

4. Kvifor seier Pelle: "Takk, du er ein god kompis?"

Han får eit smørbrød (brødskiye) av Ove.

Han får fisken av Ove.

Han har ikkje mat med seg.

Ein lang mørk mann kjem ned til elva. Han leitar etter noko.
Han bøyer seg ned og tek opp ei sko - øskje.



Då vaknar Pelle. Han ser at mannen går mot skogen med øskja.
"Ove, du må vakna. Sjå han der. Han ser mystisk ut,"
seier Pelle.
"Ja, vi følger etter han," seier Ove.

SET RING RUNDT RETT SVAR

1. Kva gjer mannen ved elva?

Han hentar ei sko-øskje.

Han grev ned ei sko-øskje.


Han kjem gåande med ei sko-øskje under arma.

2. Kvifor følgjer gutane etter mannen?

Han går mot skogen.

Han ser mystisk ut.

Han kjem til det gamle huset.



Gutane smyg seg etter mannen inn i skogen.
Han kjem til eit gammalt hus. Der går han inn.
"Vi ser gjennom vindauga," seier Ove.
"Ja, men ver forsiktig," seier Pelle.
Dei ser at mannen har ein kompiss der inne.
"Sjå i øskja så mange pengar!" seier Ove.
"Ja, sjå! Hundre-lappar og tusen-lappar. Kva skal vi gjera?" spør Pelle.
Då snur mennene seg. Dei ser Pelle og Ove.

"Vi spring," seier Ove.
"Dei kjem etter oss," seier Pelle.
Mennene er raskare enn gutane.
"No har vi dykk," seier ein av mennene.
Dei tek tak i nakken på gutane.
"Au! Det gjer vondt," seier Pelle.
"Å, berre kom," seier mannen.
Mennene tek gutane med seg inn i huset.
Dei har blitt fanga. Kva skal dei gjera?



Set strek til orda som er synonymmer (betyr det same).

Venn, kamerat

fort, snar

Rask

trøytt

Kartong

kompis

Søvnig

eta

Brødskiver

øskja

Eta

smørbrød

SET RING RUNDT RETT SVAR.

1. Kva ser gutane gjennom vindauga?

Dei ser ein mann som er åleine.

Dei ser to menn som har ei øskje full av pengar.

Dei ser ein mann som gjøymer seg.

2. Kvifor spring gutane?

Gutane vert redde når dei ser kameraten til mannen.

Gutane vert redde når dei ser pengane.

Gutane vert redde når mennene ser dei.

3. Kva gjer mennene med gutane?

Dei tek gutane til fange.

Dei jagar gutane ut i skogen.

Dei slår gutane.

Svar på spørsmåla. Sjå side 5 og 6.

1. Gutane følgjer etter mannen. Kvar går han?
2. Kva slags pengar ser gutane?
3. Kva betyr ein kompis?
4. Kven er raskast til å springa, gutane eller mennene?

Jan, Anna og Eva Pedersen er i kjøkkenet.

"Kvar er Ove?" spør Jan Pedersen.

"Han er saman med Pelle. Dei fiskar," seier Anna.

"Men klokka er sju," seier Jan.


"Han er nok heime hos Pelle," seier Anna.

"Eva, gå ut og sjå etter Ove," seier Jan.

Eva går til huset der Pelle bur og spør etter gutane.

"Nei, dei er ikkje her," seier mor til Pelle.

"Gå og sjå nede ved elva."



Men Ove og Pelle er ikkje nede ved elva heller.

Eva møter Pia.

"Eg leitar etter Ove og Pelle," seier Eva.

"Dei er kanskje i skogen," seier Pia.

"Eg skal vera med deg og leita."


Jentene går inn i skogen. Dei kjem til det gamle huset.

"Vi går inn," seier Pia. "Er du redd?"

"Ja, litt," seier Eva.

"Det er ikkje farleg. Kom!" seier Pia.

Dei går inn i huset. Huset er tomt.
"Sjå, der ligg eit papir," seier Pia. "Kva er det?"
"Det står skriva noko på det. Vi les det," seier Eva.
Det er frå gutane. På papiret står det:
"Vi er i ein stor blå bil, VD 13296.
Helsing Ove."



"Kva skal vi gjera?" seier Pia.
"Eg veit ikkje," seier Eva.
"Vi skundar oss heim," seier Eva.

Jentene spring gjennom skogen. Dei kjem fram til ein skogsveg.
"Se, ein stor blå bil!" ropar Eva.
"Ove og Pelle sit i bilen!" skrik Pia.
Jentene spring fram til bilen.
Dei opnar døra.
Men då kjem ein av mennene.
"Spring!" ropar Pia.

SET RING RUNDT RETT SVAR

1. Kvifor går jentene ned til elva?

- Dei spør etter gutane.
- Dei leitar etter gutane.
- Dei skal møte gutane.

2. Kva finn jentene i det gamle huset?

Dei finn berre rot.

Dei finn ingenting.

Dei finn eit brev.

3. Kvar er gutane?

Dei er tekne til fange og er i skogen.

Dei er tekne til fange og er i huset.

Dei er tekne til fange og er i ein bil.

4. Kva ser jentene ved skogsvegen?

Først ser dei ein stor blå bil.

Først ser dei to menn.

Først ser dei gutane på vegen.

Svar på spørsmåla:

1. Kor mykje var klokka då faren spurde etter Ove?

2. Kven går heim til Pelle for å spørja etter gutane?

3. Kven møter Eva?


4. Kva finn Eva og Pia i huset i skogen?

5. Kva er bilnummeret på den blå bilen?

Jentene spring inn i skogen.
Ein av mennene følgjer etter.
Men han snubler i ein busk.
Han ligg på bakken og banner.
Jentene spring heim til Pedersen sitt hus.
Der møter dei far til Eva.



Han seier: "Kva er i vegen?"
"Gutane er i ein stor blå bil," seier Eva.
"Dei er fanga. Det er to menn som har teke dei," seier Pia.
"Kvar er dei?" spør far.
"På skogsvegen," seier Eva.
"Eva og Pia, spring til politiet! Fort!!"



Finn bilete og tekst som høyrer saman.

Set bokstavane som står over bileta,
framfor rett setning.

1. Jentene spring inn i skogen.
Ein av mennene følgjer etter.
2. Jentene spring ut av skogen.
Ein av mennene følgjer etter
3. Jentene spring inn i skogen.
Begge mennene følgjer etter.
4. Jentene spring inn i skogen.
Ein av mennene følgjer etter, mens ein står og ser på.
5. Jentene spring inn i skogen.
Ingen av mennene er der.

SET RING RUNDT RETT SVAR

1. Ein av mennene følgjer etter jentene.
Ingen av mennene følgjer etter jentene.
Begge mennene følgjer etter jentene.
2. Jentene spring heim til skolen.
Jentene spring heim til Pedersen sitt hus.
Jentene spring heim til mennene.

Svar på spørsmåla. (Sjå side 11.)

1. Kva gjer Eva sin pappa på biletet?
2. Kva fortel Pia?
3. Kvar er gutane?
4. Kva seier Eva sin far at jentene må skunde seg å gjera?

Bøy substantiva i eintal og fleirtal.

Ein mann

Ein veg


Ei jente

Ein gras-klyppar


Ein fange

Eit hus

Den blå bilen kjem med stor fart frå skogsvegen.



Han svingar inn i ei gate. Men der står to politibilar.
Politiet har stengt gata. Den blå bilen bremsar.



Mennene hoppar ut av bilen og prøva å røma.

Men politiet tek dei med ein gong.

"Dette er to stor-tjuvar," seier ein av politimennene til Jan Pedersen.

No kan gutane koma ut av bilen. Dei er redda.

"Takk, jenter. De har gjort ein god jobb,"

sa gutane til Eva og Pia.

SET RING RUNDT RETT SVAR

1. Kva gjer mennene i den blå bilen?

Dei gøymer bilen i skogen.

Dei køyrer svært fort.

Dei set bilen på skogsvegen.

2. Kvifor stoppar bilen i gata?

Mennene vil røma.

Politiet har stengt av gata.

Ove sin pappa har stengt av gata.

3. Kven har henta politiet?

Gutane.

Pappa.

Jentene.

4. Kva gjer politiet?

Politiet fangar mennene.

Politiet jagar mennene med politi-bilen.

Politiet undersøker bremsene på bilen

5. Kvifor vert mennene fanga av politiet?

Mennene køyrer med stor fart.

Mennene er stor-tjuvar.

Mennene har teke den blå bilen.

6. Kvifor sa gutane: "Takk, jenter?"

Jentene har hjelpt til med å redde gutane.

Jentene har hjelpt til med å redde tjuvane.

Jentene har skrive brevet i det gamle huset.